

Hardangerviddatunnelene AS
 Orgnr. 999178812
 Simadalsvegen 1
 5783 Eidfjord
 Tlf 90944980
post@hardangerviddatunnelene.no
www.hardangerviddatunnelene.no

Årsmelding 2019

1. Organisering

Hardangerviddatunnelene AS har forretningsadressa Eidfjord kommune, og kontoradressa til Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (Eidfjord kommunehus).

Selskapet har som hovudføremål å etablere sikker helårsveg over Hardangervidda (Rv.7) gjennom bygging av tunnelar.

Selskapet hadde etter ordinær Generalforsamlinga 5. juni 2019 slik styresamansetjing:

Styreleiar	Anved Johan Tveit	Personleg vara	Gunvall Medhus
Nestleiar	Petter Rukke	Personleg vara	Mathias Eide Sataøen
Styremedlem	Hanne B. Håtuft	Personleg vara	Jon-Andreas Kolderup
Styremedlem	Anne Lise Bleie	Personleg vara	Svein Hop
Styremedlem	Hans Petter Torbjørnsen	Personleg vara	Solfrid Borge
Styremedlem	Torhild Marie Helling Bergaplass	Personleg vara	Ole Vegard Nørstebø
Styremedlem	Ivar Arne Lid	Personleg vara	Inger-Brit Vindegg

Selskapet har etter ekstraordinær Generalforsamlinga 11. desember 2019 slik styresamansetjing:

Styreleiar	Petter Rukke	Personleg vara	Line Ramsvik
Nestleiar	Anders Vatle	Personleg vara	Gunvall Medhus
Styremedlem	Hanne B. Håtuft	Personleg vara	Jon-Andreas Kolderup
Styremedlem	Anne Lise Bleie	Personleg vara	Liv Bente Rokne Vivelid
Styremedlem	Hans Petter Torbjørnsen	Personleg vara	Solfrid Borge
Styremedlem	Solveig Vestenfor	Personleg vara	Jan Gaute Bjerke
Styremedlem	Ivar Arne Lid	Personleg vara	Inger-Brit Vindegg

Valkomite: Erik Kaupang og Aslak Lægheid
 Dagleg leiar: Leiv A Vambheim i 30 % stilling.

2. Styret sitt arbeid.

Det har halde 3 styremøte og handsama 23 styresaker. Styret har hatt samhandling med IS Rv 7 i samband med styremøta og uttalar. Det har vore godt aktivitetsnivå og styret sine medlemmer har bidrege nyttig til selskapet sin aktivitet og merksemd i relevante fora.

Nokre formelle og praktiske saker som styret og administrasjonen har jobba med, er:

- Budsjett, regnskap og jamnleg økonomirapportering.
- Gitt opp spørsmål om bruken av avsette 300 mill kr. til rv7.
- Hardangerviddakonferansen 2019 Rein Vidde

- Restart på Heimesida www.hardangerviddatunnelene.no
- Ny Transportanalyse ved Helge Hopen til Rein Vidde
- Nye karttavler ved Ivar Arne Lid.
- Møte med Samferdselsdepartementet 14. mai 2019 Statsekretær Tommy Skjervold.
- Dagleg leiar har presentert Hardangerviddatunnelene AS for ei arbeidsgruppe som jobbar for tunnel mellom Flesberg og Hokksund.
- Vurdering av skifte av kontorstad frå Eidfjord til Hallingdal konkluderte med å framleis halda til i Eidfjord der dagleg leiar har kontrakt til juli 2020.
- Den ordinære Generalforsamlinga i selskapet vart halde 5. juni 2019. Generalforsamlinga valde å utsetja val av nytt styre til etter kommunevalet i oktober 2019. Ekstraordinær Generalforsamling 11. desember 2019 valde sitjande styre i selskapet.

3. Selskapet si verksemd.

Aktivitet og rollefordeling.

Leiv Vambheim var kontrakttilsett i 30 % midlertidig stilling i 2019. Arbeidsfordelinga er at dagleg leiar administrerer selskapet og styret er ansvarleg for påverknadsarbeidet.

Dagleg leiar og styre føl nøye med kva som rører seg i vegdebattane rundt oss og syter for å vera synlege i media og hos styremaktene.

Ved månadlege gjennomgangar av Statens vegvesen sine trafikkteikjingar dokumenterer selskapet akuande trafikk på rv 7 Hardangervidda og aukande trafikantprioritering. Dette vert publisert i Facebook og på Heimesida.

Hardangerviddakonferansen 2019 Rein Vidde.

Arbeidet med førebuingane til konferansen var utfordrande. Det vart vanskeleg å få klare svar frå innleiarar og paneldebattantar, men det kom på plass i siste liten. Då vart det ein del arbeid med å justera programmet heilt inn mot deadline og vel så det. Det er stor konkurranse om dei same folka på konferansemarkedet. Takk til alle som stod på for å få dette på plass.

Hovudbodskapen til Helge Hopen er nok det beste argumentet for å prioritera rv 7 Hardangervidda som hovudveg aust-vest. Innleiarane svara på dei utfordrinagane dei fekk og fleire tydelege moment om fordelar og utfordringar for tunnelbygging på Vidda kom fram.

Politikarpanelet var breitt samansett, berre Arbeiderpartiet mangla, og konferansedeltakarane fekk i hovudsak brei støtte til å jobba vidare med tunnelbygging på rv 7 Hardangervidda.

Annonseringa av konferanse vart gjort på tradisjonelt vis med annonser i lokale og regionale aviser samt på heimesida til HVT og på facebook. Ja til Rv 7 som stamveg. Det vart sendt epostar til eigarkommunar og til politiske venner med ønskje om aktiv rekruttering. Påmeldingssystemet fungerte greitt; Takk til Vestlia og Kreator.

Sett frå dagleg leiar si side vart konferansen gjennomført etter planen. Det var desseverre for få deltakarar etter forventningane, men dei som var til stades var dei viktige og alle poeng kom fram så godt det lar deg gjera i ein slik konferanse. Få tema og god tid var ein av suksessane med konferansen der ein fekk tid både til mingling og påverknad.

Vestlia Resort ved Trine Tviberg gjorde ein svært god jobb som konferansehotel med både påmeldingsarbeidet og gjennomføringa. Alt gjekk smurt. Kreator Media ytte profesjonell service med påmelding og materiell og var ein god samarbeidspart. Møteleiar/konferanseier Hilde Sandvik styrte mildt og roleg og fekk verkeleg fram dei rette vinklingane og spørsmåla til innleiarar og paneldebatt. Hol kulturskule imponerte med både teikn-song og musikal. Tusen takk også til Hanne Håtuft som fiksa dette. Det var god stemning på konferansen både i salen, i pausar og under middagen.

Rekneskapen for konferansen viser netto kostnad 164.000 kr som er 60.000 kr under budsjett.

Styret evaluerte Hardangerviddakonferanse 2019 Rein Vidde på Vestlia resort på Geilo og sa seg godt nøgd med både førebuinga og gjennomføringa. **Hovudkonklusjonen er at målet med konferansen er nådd. Samlinga på Geilo opna for ei tverrpolitisk forståing for neste steg for tunnelbygging på rv 7 Hardangervidda.**

Arbeid mot sentrale styresmakter.

Møte med Samferdselsdepartementet 14 mai 2019 Statsekretær Tommy Skjervold.
Hardangerviddatunnelene AS og Interesseselskapet IS Rv 7 fekk møta Statsekretær Tommy Skjervold, Avdelingsdirektør Hans Einar Nerhus og Bent Skogen i Samferdselsdepartementet den 14.mai 2019 i Oslo.

Spørsmålet vårt var enkelt: Korleis koma vidare med utvikling av Rv7 over Hardangervidda med grunnlag i politiske og faglege føresetnader. Hovudutfordringa er vintersikker heilårsveg og tilhøva til reinsdyra på Vidda. Med tunnlar vil begge desse få akseptable løysingar.

Stortinget bestemt at Rv 7 Hardangervidda skal vera ein hovudveg aust-vest for persontransport og reiseliv, funksjonsfordelt med rv 52 Hemsedalsfjellet for næringstransport.

Det føreligg frå 2018 to statlege rapportar om Hardangervidda som aust-vestsamband. Konseptvalutgreiinga (KVU) tilrår å satsa på alternativet med 5 korte tunnelar (konsept K2) på Hardangervidda med Dyrnuttunnelen som første byggetrinn. Ei konsekvensutgreiing (KS1) om dette seier at ein må vurdere rv 7 i samheng med funksjonsfordelinga mellom rv 7/rv52. Regjeringa skal ta stilling til ambisjonsnivået for utbygging på rv 7 Hardangervidda med grunnlag i KVU-en.

Fylkeskommunane Hordaland og Buskerud og kommunane langs Rv7 støttar funksjonsfordelingsvedtaket og Korte tunnelar.

Ein Transportanalyse utarbeidd av Sivilingeniør Helge Hopen slår fast at det er rv 7 Hardangervidda som i framtida vil vera den aust-vest-korridoren som vil få størst trafikkauke.

Målsetjinga med møtet var å be Regjeringa gjera snarleg gjera vedtak i sak om KVU Rv 7 Hardangervidda med konklusjon K2. Då kan Statens Vegvesen starta planlegginga og kommunane Eidfjord og Hol kan starta reguleringsarbeidet.

Hardangerviddatunnelene AS og IS rv 7 har tru på at sakleg informasjon kan gje eit snarleg positivt vedtak om val av konseptet K2 for rv 7 Hardangervidda.

Uttalar.

Det er ikkje gitt direkte uttalar i meldingsåret 2019. Selskapet har ikkje fått dokument til høyring. Me har venta sidan 2018 på at Samferdselsdepartementet skal godkjenna K2 korte tunnelar. Innspel til NTP 2022-2033 vert gjort på nyåret 2020 til Vestland og til Viken Fylkeskommunar.

Profilering

Viktigaste arbeidet i selskapet er påverknad av dei som bestemmer og løyver midlar : Vegvesen, Fylkeskommune, Departement og Storting.

Profileringa til Hardangerviddatunnelene AS er på det jamne med heimeside, facebookside, brosjyre, beachflagg og "frå munn til munn". Media viser også interesse når det er noko nytt.

*Heimesida www.hardangerviddatunnelene.no . Her legg ein ut informasjon etter som aktuelle ting skjer eller ein vil planta ut tankar og gode idear. Trafikkstatistikk og kommentarar er viktig her. Ein prøver å sleppa ut nyhende ein gong i månaden.

*Facebook-profilen «Ja til rv 7 som stamveg» vert administrert av selskapet ved dagleg leiar. Her vert det lagt ut informasjon om lag ein gong i veka mest med tilvising til heimesida. Denne profilen er godt

besøkt og når om lag 8000 brukarar.

Facebooksida «Kolonnekøyring på Hardangervidda» er også ei aktiv side som svært mange er flinke å bruka. Dette er god profilering av vegen både i godver og i kolonne-/stengingsver. Sida er mest brukt av private. Administrator vil ikkje ha politisk innhald på denne sida.

«Varsler for rv.7 Hardangervidda» er ei ny side med informasjon og debattar om rv 7 hardangervidda.. Her både transportørar og profesjonelle aktørar inne.

*Pressemeldingar prøver ein seg på når ein har noko på hjarta, men det er vanskeleg å få inn omtalar i media. To meldingar i 2019: «Møte med Samferdsesldapartementet 14.05.2019» og «Hardangerviddakonferansen 2019.»

4. Økonomi.

Rekneskapen for 2019 er ført Hardanger Økonomiservice i Eidfjord. Denne viser at selskapet har nøktern drift og solid økonomi.

Generalforsamlinga i 2016 gav styre fullmakt til å frita selskapet frå revisjon, jf Aksjelova §7-6. Styret vedtok 17.august 2016 å velja bort bruk av revisjon for Hardangerviddatunnelene AS. Rekneskapen vert derfor ikkje revidert.

Driftsinntekter per. 31.12. 2019 er	kr. 1 105 850
Driftskostnader per. 31.12. 2019 er	kr. 1 076 020
Driftsresultat per. 31.12.2019 er	kr. 29 830
Finansinntekt	kr 11 597
Ordinært resultat før skattekostnad	kr. 41 428
Skattekostnad på ordinært resultat	kr. 0
Årsresultat	kr. 41 428

Hovudinntekta er tilskota frå eigarkommunane/-herada med 1.1 mill kr. Hovudkostnadane er løn/pensjon, reklamekostnader og Hardangerviddakonferansen 2019.

5. Bruk av overskot

Selskapet har i 2019 eit årsresultat på kr 41 428 . Dette vert tilrådd avsett til styrking av annan eigenkapital.

6. Aksjonæroversikt

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 100.000, fordelt på 100 aksjar pålydande kr. 1000. Aksjekapitalen er fullt innbetalt.

Aksjonærliste per. 31.12.2019

Navn:	Org.nr:	Antall aksjer:	Pålydende:	Beløp:
Hol kommune	971 030 607	40	1 000	40 000
Eidfjord kommune	944 227 121	40	1 000	40 000
Ullensvang herad	964 967 903	5	1 000	5 000
Ål kommune	864 952 992	5	1 000	5 000
Nore og Uvdal kommune	964 950 946	5	1 000	5 000
Ulvik herad	971 159 928	5	1 000	5 000
Sum		100		100 000

7. Miljøpåvirkning

Selskapet driv ikke verksemd som forurensar det ytre miljøet.

8. Arbeidsmiljø

Selskapet har dagleg leiar i mellombels 30 % stilling som einaste tilsette i 2019. Arbeidsmiljøet er godt med samspel med styret og styreleiar.

9. Likestilling

Selskapet har 7 valde medlemmer, av disse er 3 kvinner og 4 menn. Varamedlemmene har fordelingen 4 kvinne og 3 menn.
Selskapet sin daglege leiar er mann.


10. Forutsetning for fortsatt drift

Med bakgrunn i selskapet sitt rekneskap og sine målsetninger, er det grunnlag for vidare drift i selskapet.

Eidfjord 05.06 2020


Petter Rukke


Styreleiar


Anders Vatlø

Nestleiar


Hanne B. Haatuft

Styremedlem


Hans Petter Thorbjørnsen

Styremedlem


Solveig Vestenfor

Styremedlem


Arne Ivar Lid

Styremedlem


Anne Lise Bleie

Styremedlem


Leiv A Vambheim

Dagleg leiar